

Auka fleksibilitet i kraftproduksjonen

Voss herad
22.5.2025

Sigve Næss, Magne Netland og Svenn Rognås
Eviny Fornybar






**I over 100 år har vi vore garantisten for
straumforsyninga i regionen vår**



Oppdraget vårt er framleis å møte samfunnet sitt behov for energi



Ubalanse i kraftmarknaden – vasskrafta må oppgraderast



UBALANSE MELLOM FORBRUK OG PRODUKSJON

Elektrifisering kuttar utslepp, men aukar straumforbruket. I periodar med lite vind og sol kan vi få for lite effekt og høge prisar.



VASSKRAFT EIN DEL AV LØYSINGA

Regulerbar vasskraft er godt eigna til å balansera forbruk og produksjon, men må oppgraderast for å dekkja framtidige krav.




SIKRA KRAFT NÅR DEN TRENGST

Auka fleksibilitet i vasskrafta vil bidra til å gi folk og industri nok kraft når den trengst.

Korleis bidrar vasskrafta til auka fleksibilitet?

1. Effektkraftverk



Kraftverk med høg installert effekt


Låg brukstid – vatnet nyttast når behovet er størst

Utløp i magasin/sjø for å ivareta miljø

Auka produksjon med auka verdi

Korleis bidrar vasskrafta til auka fleksibilitet?

2. Pumpekraftverk



Kraftverk som både produserer og forbrukar energi

«Flyttar» produksjon» i tid:

Tradisjonelt: sesonglagring


No: time/døgn/veke

Flyttar vatn mellom regulerte magasin

Auka verdi av produksjon

Utvikling av Bergsdalsvassdraget

BERGSDALSVASSDRAGET – NYTT EFFEKTPROSJEKT



Auka produksjon når behovet er størst

- **Ville halvert prisen i den dyraste timen i 2024**
- Mellom kl. 17 og 18 den 5. januar 2024 var kraftprisen nesten 6 kr per kWh i Vest-Norge (prisområde NO5), eksklusiv nettleie og avgifter.
- Hadde dei tre planlagte kraftverka vore i drift, ville kraftprisen gått ned fra 593 til 276 øre/kWh



Redusert risiko for skadeflaum

- Regulerte vassdrag reduserer generelt risikoen for skadeflaumar
- I Bergsdalsvassdraget er konsekvensen av ein 50-årsflaum allereie redusert til 10-årsflaum
- Dale III, som er eit kraftverk med stor kapasitet og utløp til sjø, vil redusera risikoen ytterlegare



Betre forhold for laks i Daleelva

- Dagens kraftverk har utløp i Daleelva, og Eviny må tilpassa kjøring av kraftverket av omsyn til laksen
- Eviny har gjort tiltak for å unngå stranding av fisk
- Dale III vil ha utløp til sjø som vil gi endå bedre forhold for laksen
- Vi får også større fleksibilitet til å variera produksjonen raskt i takt med behovet



Vi skal byggja skånsamt, med minst mogleg miljøulemper

- Grundige konsekvensutgreiing av både fordelar og ulemper
 - Miljøforhold
 - Landskap
 - Betydning for kommuneøkonomi
- Prosjektet er i tidleg fase, **og vi vil gjerne ha innspel frå kommunen på kva de meiner er viktig å ta omsyn til. Svært viktig med lokal aksept.**
- Søkjer berre konsesjon dersom prosjektet samla sett er positivt og lønsamt for både samfunnet og Eviny.
- Konsesjonssøknad vil vera aktuelt i 2025 dersom vi går vidare med prosjektet. Prosjekta vil kreve både vassdrags- og anleggskonsesjon.





Takk for merksemda